



Innkalling Kommunestyret

Møtedato: 20.06.2019
Møtestad: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 18:00 - 21:00

- 1. tertialrapport
- Økonomiplan
- Rekneskap
- Årsmelding

- Det vert orientering om reforma "Leve heile livet" (Monika Kvamme)
- Det vert orientering om stoda i helse/omsorg (Monika Kvamme)
- Det vert orientering om arbeidet med ei samanslåing av dei interkommunale revisjonsselskapa i høvesvis Nordhordland og Voss/Hardanger, der planen er å slå saman til eit selskap i løpet av inneverande kommunestyreperiode. (Janne Eraker, revisjonssjef/dagleg leiar)

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Saksliste

Saksnr	Tittel
028/19	Godkjenning av innkalling og saksliste
029/19	Spørsmål kring avrøystinga i kommunestyret - K-sak 020/19
030/19	Godkjenning av møteprotokoll
031/19	Meldingar
031/19.1	Referat frå politirådsmøte 27. mai 2019
031/19.2	Protokoll - representantskapet Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS (BF IKS) 05.06.19
031/19.3	Møteutskrift representantskap 07.06.19 - Nordhordland Revisjon
031/19.4	Møteutskrift frå styremøte 12.06 2019 - Nordhordland Revisjon

- 032/19 Orienteringssak
- 033/19 Årsmelding 2018
- 034/19 Rullering av økonomiplan 2020-2023.
- 035/19 Rekneskap 2018 - godkjenning
- 036/19 Den administrative organiseringa 2019
- 037/19 Budsjettjustering etter tertial I - 2019
- 038/19 Tertialrapport I 2019
- 039/19 Betaling for tryggleiksalarm 2. halvår 2019
- 040/19 Kloakkavgift 2019
- 041/19 Endring i vedtektene for kommunale barnehagar
- 042/19 Søknad om kommunal garanti for lån til Aufera AS
- 043/19 Ny selskapsavtale for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS frå 01.01.2020
- 044/19 Valgløftet - innspel frå KS

Austrheim 14. juni 2019

Per Lerøy
ordfører

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
028/19	Kommunestyret	PS	20.06.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/431

Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
029/19	Kommunestyret	PS	20.06.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FA-C83	19/471

Spørsmål kring avrøystinga i kommunestyret - K-sak 020/19

Vedlegg

Reglement kommunestyret

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret må sjølv avgjere om røystinga i K-sak 020/19 kan godkjennast eller skal takast opp igjen.

Saksopplysninger:

K-sak 020/19. - Godkjenning av protokoll frå kommunestyremøtet 11.04.2019.

Dette framlegget vart lagt fram i møte 23.05.2019 under godkjenning av protokoll frå møtet 11.04.2019. Forslaget vart vedtatt vedlagt protokoll og rådmannen fekk i oppgåve å lage sak på dette til neste møte.

Austrheim Kommunestyre

Ordfører

Framlegg til vedtak i sak 020/19, godkjenning av møteprotokoll for Austrheim Kommunestyre, møtedato 11.04.2019.

Austrheim kommunestyre godkjenner møteprotokoll for Austrheim Kommunestyre møtedato 11.04.2019, med unntak av sak 017/19.

Sak 017/19 vert lagt fram til ny avrøysting på førstkommande kommunestyremøte. Då i trå med rett røyste-rekkefølge.


Bakgrunn:

Slik røystinga vart gjort, vart store delar av kommunestyrepreressantane tvinga til å røysta mot det dei var for. Dette meiner eg strir med retningslinjene me har i kommunen.

Slik eg ser det var det store skilje, avsnittet om Øksnesmarka som næringsareal eller ikkje.

Austrheim Senterparti

Reidar Øksnes



I reglement for kommunestyret står dette:

§ 14 - Når ei sak vert teken opp til røysting.

Når ordskiftet er slutt, seier møtestyraren frå at saka er teken opp til røysting. Frå då og til røystinga er gjort må det ikkje vera meir ordskifte om saka eller gjerast nye framlegg.

Heller ikkje er det høve til å taka opp noka anna sak i denne tida.

Rett til å røysta har berre dei som er med i kommunestyret og som er i salen på den tid saka vert oppteken til røysting. Dei kan ikkje gå ut or salen før røystinga er slutt og har skyldnad til å røysta. I val og tilsetjing kan det nyttast blank røystesetel, jfr. § 40 pkt. 2 i kommunelova.

Er saka oppdelt eller skal det røystast over meir enn eit framlegg, gjer møtestyraren framlegg om rekkefølga i røystingane.

Vert det ordskifte om dette, skal møtestyraren akta nøye på at talarane hald seg berre til røystingsspørsmålet.

Bakgrunn

Reidar Øksnes tok i møtet 11.04.19 opp voteringsmåten. Han meinte at viss dei to framlegga vart stilte opp mot kvarandre, ville det føre til at representantar kunne bli tvungen til å stemme mot ein kommuneplan dei i utgangspunktet var for. Det usemja stod om sa han, var om Øksnesmarka skulle vere

næringsområde eller ikkje. Han meinte det måtte røystast over avsnittet om Næring og Øksnesmarka først, så heile kommuneplanen utan det. Etter ei kort rådslaging, avgjorde ordførar at dei to forslaga skulle setjast opp mot kvarandre.

I protokollen framgår dette slik:

Reidar Øksnes (Sp) sa til rekkefølga i avstemminga at det måtte mogleg å stemma for det ein er for, og mot det ein er mot.

Ordførar Lerøy sa at dei to framlegga til vedtak vert sette opp mot kvarandre. Dei som støttar formannskapet blir sitjande, dei som støttar rådmannen reiser seg.

Vedtak:

Rådmannens framlegg vedteke med 10 mot 7 røyster, altså med 59 prosent mot 41 prosent.

Fleirtalet var Ap sine 8 pluss to frå Høgre (Viggo Leirvåg og Morten Sognnes).

Reidar Øksnes tok opp spørsmålet under sak om godkjenning av protokoll frå førre møte i kommunestyret. Det er ein heilt rett måte å gjere det på.

Vurdering

Når ei sak skal opp til avstemming, kan medlemmer i organet ta opp spørsmål om røystemåten slik Reidar Øksnes gjorde her. Det kan bli debatt over måten å stemma over, det blei det og i denne saka. Etter debatten kan anten ordførar avgjere røystingsmåten, eller det kan bli stemt over røystemåten. I denne saka klargjorde ordførar korleis avstemminga skulle gjennomførast. Det vart ikkje bede om å stemme over måten røystemåten skulle skje på.

Rådmannen meiner at det ikkje er gjort feil etter reglementet. Samstundes ser rådmannen at det i denne saka kan vere representantar som har måtta stemt mot ein kommuneplan dei er for når det gjeld store delar.

Regelverket legg opp til at det er organet sjølv som må avgjere om saka skal takast opp til ny avstemming.

Rådmannen har drøfta denne saka med Asbjørn Skår som var prosessrettleiar for kommunestyret to dagar ved oppstart og ein dag i løpet av perioden. Reidar Øksnes har og vore i kontakt med Skår. Skår er einig i vurderingane om at kommunestyret sjølv må avgjere om det skal røystast på nytt eller om avrøystinga er godkjent.

Han meiner at denne saka bør føre til ei drøfting av og gjennomgang av reglementet. Han peikar på at det kviler på ordføraren eit ansvar for at alle syn skal få kome fram, og at det må takast omsyn til ved rigging av røystemåte. Ansvaret kviler på den einskilde representant til å kjenne reglementet godt, søkje råd før avstemminga og vere vaken i møtet for at det ikkje vert gjort feil eller at røystingane bør føregå på andre måtar.

Konklusjon

Kommunestyret må sjølv avgjere om røystinga i K-sak 020/19 kan godkjennast eller skal takast opp igjen.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
030/19	Kommunestyret	PS	20.06.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/431

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg

Protokoll - Kommunestyret - 23.05.2019 med presentasjon og framlegg

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
031/19	Kommunestyret	PS	20.06.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/431

Meldingar

Underliggende saker

Saksnummer	Tittel
031/19.1	Referat frå politirådsmøte 27. mai 2019
031/19.2	Protokoll - representantskapet Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS (BF IKS) 05.06.19
031/19.3	Møteutskrift representantskap 07.06.19 - Nordhordland Revisjon
031/19.4	Møteutskrift frå styremøte 12.06 2019 -Nordhordland Revisjon

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
032/19	Kommunestyret	PS	20.06.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	19/431

Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
048/19	Formannskapet	PS	06.06.2019
033/19	Kommunestyret	PS	20.06.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-000, TI-&14	19/388

Årsmelding 2018

Vedlegg

Årsmelding 2018_24.04.2019

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar årsmelding 2018 til vitande.

Formannskapet - 048/19 - 06.06.2019

FS - behandling:

Konstituert rådmann Olav Mongstad gjekk gjennom årsmeldinga for 2018, og arbeidet med økonomiplanen. Mongstad sa at samarbeidet har blitt betre gjennom året mellom politisk nivå, administrasjonen, organisasjonen, tillitsvalde med meir. Rapporten frå Bedre Organisasjon/ Ole Georg Hoaas var kritisk, men veldig god, og vert brukt i arbeidet vidare. Når det gjeld kutt av stillingar i organisasjonen har det tidlegare vore slik at ein har sett stillingar vakante når nokon har slutta, no vil ein sjå nærare på sjølve organiseringa. Løn er ein stor del av samla utgifter, som i andre småkommunar utgjer løn ein større del av driftsutgiftene enn i større kommunar.

Kommunen har elles selt ein del eigedommar, og samla har sal av naust, gamle Austrheim skule og eit område Kaland gjeve 5,2 millionar kroner.

Kommunen sitt samla underskot er på 5,9 millionar. Fylkesmannen har sagt at om det samla overskotet for 2018 og 2019 når 3,8 millionar, så er det tilstrekkeleg til å forbli på Robek-lista og ikkje gå over til styring frå departementet.

Rådmann Liv Løvvik sa at dette er ein del mindre enn dei drygt 6 millionar som kommunestyret har sagt at ein skal nå i overskot i 2019, så om dette skal justerast ned så skal det godkjennast politisk.

Økonomisjef Olav B. Andersen presiserte at dette med redusert krav til overskot er noko Fylkesmannen har komme med sjølv, det er ikkje noko kommunen har etterlyst.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein må jobba for eit meir variert næringsliv, slik at ein ikkje er like sårbar for svikt innan olje og gass. Kanskje kan ein arbeidsplass som Helsehuset vera ein interessant arbeidsplass som kan vera attraktiv også for innbyggjarar i Austrheim.

Konstituert rådmann Olav Mongstad sa om åra framover at økonomiplanen legg opp til status quo i

2020, og vidare nedtrekk i 2021. Om det vidare nedtrekket sa han at det er vanskeleg å finna dei rette vala for å kunna ta ned drifta vidare til 2021.

Om økonomi sa Per Lerøy at det er viktig å få flyktningar over i arbeid når kommunen etter den første perioden misser støtta frå sentralt hald. Ein må jobba for å få flyktningane ut i arbeid.

Per Lerøy sa at det er færre bebuarar på Nordliheimen no enn før, men det er meir krevjande bebuarar med tanke på tilbod, og det er krevjande når ein har den same bemanninga som før.

Nordliheimen er nesten som eit minisjukehus. Olav Mongstad skaut inn her at folketalsutviklinga viser at Austrheim får ein auke i dei gruppa av dei eldste eldre.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om dei som driv ulike aktivitetar for eldre får nok merksemd og skryt.

Desse aktivitetane sparer vel kommunen for mange tenester. Lerøy sa seg samd, og viste til at Frivilligsentralen, Sanitetslaget, Neptunklubben med fleire gjer mykje.

Olav Mongstad sa om utbyttet kommunen får frå Mongstad vekst at ei regelendring som trer i kraft 1. januar 2020 vil gjera det lettare å bruka midlane til drift og ikkje investeringar. Her har revisor hatt ein merknad på dette i rekneskapen for 2018, men likevel godkjent at det er brukt til drift.

Mongstad sa vidare at det er ein del usikre postar for inntekter framover. Kommunen får auka kostnader til AAP-ordninga, her kjem det ein kompensasjon men dette er fordelt flatt ut og

Austrheim får berre ein mindre sum. Det er også ein del som er usikkert kring investeringar, som mogleg utbetring av kyrkja, prosjekt innan vatn og avløp, og kva som skjer med brannstasjonen etter at Austrheim har gått inn i Nordhordland Brann og Redning.

Det vert laga ei Ros-analyse som skal visa kvar ein brannstasjon nord i regionen bør ligga, her sa Per Lerøy at ein stasjon for brann/redning bør ligga på Mongstad, med nærleik til 3.000 arbeidsplassar og nærleik til Austrheim og til Lindås-bygda.

Olav Mongstad viste til at gjelda har auka, med oppgradering av skulane og sluttrekning på Kystbarnehagen. Det skal etter planen investerast tungt i vatn og avløp framover, dette skal dekkast av avgiftene, men kommunen må låna desse pengane. For andre investeringar vart det kutta/utsett for i alt 15 millionar i 2018, sjå liste i vedlagt presentasjon.

Det var litt diskusjon i formannskapet om betaling av vatnet ut frå forbruk, her kan abonnentane installera vassmålar og betala etter forbruk.

Olav Mongstad sa om fagfornyninga i skulen at der er for lite midlar til datamaskiner i småskulen.

Olav Mongstad sa at kommunen per no manglar fysioterapeut og psykolog, og det er vanskeleg å rekruttera til ein del kompetansearbeidsplassar. Kanskje må ein tilby høgare løn, eller kjøpa desse tenestene av nærliggande kommunar.

Per Lerøy kommenterte at det har spreidd seg inntrykk av at kommunen er blakk. Lerøy sa at oppseiingane er eit resultat av skeivbemanning, og at dette er noko kommunen måtte gjera. Men Austrheim har framleis 190 millionar å driva kommunen for. Ordføraren sa at det er viktig at det rette bildet kjem fram, slik at folk ikkje trur at kommunen er konkurs og at tenestetilbodet er nær ved å gå dukken. Det må komma ut informasjon til folk flest om dei kutta som er gjort og kvifor, rådmann Løvvik lova at dette skal bli tatt fatt i.

Rådmann Liv Løvvik viste til at Austrheim har vore ein "140 prosent-kommune" med 40 prosent over snittet på frie inntekter. Sjølv etter innsparingar er Austrheim framleis ein 100 prosent-kommune, og ikkje 89 prosent som Radøy kommune er. Det er viktig å få fram den positive historia, for den er faktisk sann.

Reidar Øksnes (Sp) sa at ein kanskje bør få ei informasjonstavle eller liknande på senteret, der ein kan finna opplysningar.

Rådmann Løvvik sa at dette bør tilretteleggast for mobile flater. Løvvik etterlyste ei bestilling av kva informasjon ein ønskjer å få ut meir av.

Konstituert rådmann Olav Mongstad sa at ein må sjå kva ein skal bruka heimesida til, og at dette må drøftast vidare.

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Kommunestyret tar årsmelding 2018 til vitande.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Årsmelding for 2018 er utarbeidd med bakgrunn i dei ulike avdelingsleiarane sine innspel frå si avdeling. Meininga med årsmeldinga er å lage ei oversiktleg oppsummering av 2018 med utgangspunkt i dei mål og økonomiske rammer som er vedtatt. For ein avdelingsleiar er det ofte og eit mål å gi kommunestyret innsyn i drifta i si avdeling. Rådmannen er klar over at alt dette gir ei årsmelding som talar med mange stemmer. Verdien av dette er nett at fleire kjem til syne og lesaren kan få eit inntrykk av kor allsidige dei kommunale tenestene er.

Kontrollutvalet skal ha årsmeldinga til uttale og deira uttale vert lagt fram for formannskap/kommunestyret.

Vurdering

2018 var prega av arbeid med økonomien. Det var prega av meningskilnader mellom administrativ og politisk nivå om den økonomiske utviklinga. Som eit resultat av dette vart organisasjonen «Bedre organisasjon,» trekt inn. Dei gav rådmann og kommunestyret ein grundig analyse basert på Kostra-tal for samanliknbare kommunar. Analysen viste at enkelte område i den kommunale organisasjonen nytta meir pengar enn dei samanliknbare kommunane. Rådmannen har så nytta denne analysen i arbeidet med oppsett av budsjettet for 2019. Analysen gav rådmannen høve til å dukka ned i drifta i dei einskilde avdelingane og gjere vurderingar saman med avdelingsleiar og tillitsvalde. Det må understrekast at arbeidet har vore eit lagarbeid.

Analysen sa og at det strategiske arbeidet til rådmannsnivået ikkje hadde vorte prioritert nok dei siste åra. Rapporten seier dette skuldast at rådmannsnivået etterkvart har fått så mange driftsoppgåver at det har gått utover det strategiske arbeidet. Det må vere eit mål å gjenreise rådmannsnivået med sikte på strategisk arbeid. Det er spesielt viktig når ein kommune slit økonomisk slik Austrheim gjer nett no. Dette arbeidet vert fylgt opp i utforminga av den administrative organiseringa.

Økonomi

Økonomisk endar 2018 med eit overskot på ca. 1 mill kr. Det akkumulerte underskotet før årets overskot, er ca 5,8 mill kr. Målsetjinga vil vere å betale dette ned i 2019. Dette er ei prioritert, men vanskeleg oppgåve.

Konklusjon

Årsmeldinga for 2018 vert tatt til vitande.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
052/19	Formannskapet	PS	06.06.2019
034/19	Kommunestyret	PS	20.06.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-150	19/391

Rullering av økonomiplan 2020-2023.

Vedlegg

Økonomiplan 2019 - 2022

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar økonomiplanen 2019 – 2022 slik han ligg føre.

Formannskapet - 052/19 - 06.06.2019

FS - behandling:

Det vart orientert om økonomiplanen i samband med årsmeldinga.

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Kommunestyret vedtar økonomiplanen 2019 – 2022 slik han ligg føre.

Saksopplysninger:

Bakgrunn


Kommunelova krev at ein kvar kommune skal utarbeide ein økonomiplan. Økonomiplanen vår er ein 4-årig plan og inngår i kommuneplanen sin kortsiktige handlingsdel. Rådmannen legg fram ein økonomiplan som tar utgangspunkt i kommunestyret si samla løyving, det vert ikkje lagt fram konkrete netttotal på kvart ansvarsområde på denne tida. Det vert ei oppgåve til budsjettarbeidet på hausten. Ei viktig grunngeving for dette er at det vert arbeidd med ei administrativ omorganisering.

Denne kan kome til å endre innbyrdes dei ulike ansvarsområda, derfor bør først det arbeidet kome lenger før ein går inn på detaljnivå med ansvarsområda.

Vurdering

Å handsame økonomiplanen lausriven frå budsjettet for neste år, kan vere ei utfordring viss ein ikkje knyter det opp til departementet sine framlagte tankar om den økonomiske utviklinga i kommunane. I tillegg sidan Austrheim er på Robek-lista, er det og viktig å trekke inn fylkesmannen sitt brev om budsjett og økonomiplan. Brevet er datert 07.05.2019 og ligg som vedlegg i denne saka.

I Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin prop. 113 S, kommuneproposisjonen 2020, er mellom anna økonomien til kommunane omtala. I denne prop. finn vi og ein interessant statistikk som er vist nedanfor. Det er statistikken over norske kommunar på Robek-lista. Det er fargekode for kor mange gonger kommunane er meldt inn. Austrheim har vore inne på lista to gonger. Den vassrette aksen viser kor mange år ein kommune har vore inne, Austrheim har vore inne i til saman 6 år. Den loddrette aksen viser kor stort det akkumulerte overforbruket er i prosent av brutto driftsinntekter, for Austrheim er det ca 2,5 %. Som statistikken viser, er det kommunar som både ligg betre an og verre enn Austrheim. Departementet reknar med at fleire kommunar som har eit lite akkumulert underskot, vil gå ut av lista etter 2019.



Figur 14.4 ROBEK-kommuner etter akkumulert merforbruk i prosent av driftsinntekter ved utgangen av 2018¹ og totalt antall år i ROBEK, samt antall gonger kommunen har blitt innmeldt i ROBEK.

¹ Moskenes og Tysfjord har ikke rapportert inn regnskapstall i KOSTRA for 2018. For disse kommunene er det i figuren benyttet regnskapstall fra 2017.

Kilde: Statistisk sentralbyrå og Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Økonomi

I proposisjonen er det ikkje antyda noko reell vekst i kommunane sine inntekter i 2020. Veksten

meinar departementet kan bli spist opp av endringa i den demografiske samansetjinga av folketalet. I skrivande stund er det uvisst kva verknad lønnsutviklinga vil gi på kommunen sine utgifter framover. I budsjettet er det lagt inn 3 % auke. Ramma for dei organisasjonane som har akseptert, ligg nærare 3,2 %. Det har føregått ei nedbemanning blant dei tilsette. Nokre er tilbydd arbeid andre stadar enn dei er no. I tillegg er det tilsette som sluttar av andre grunnar. I skrivande stund har rådmannen ikkje detaljert oversikt over korleis denne situasjonen til slutt vil slå ut på økonomien, fordi prosessen ikkje er heilt slutført.

Økonomiplanen legg opp til at drifta først skal ned på nivå som i løpet av 2019. Vidare skal drifta ytterlegare ned i 2021. Det kan nok ikkje gjerast utan større strukturelle endringar slik rådmannen ser det i dag. Det vil bli ei oppgåve å arbeide fram ein organisasjon som kan møte ei ytterlegare innstramming. Det vert ei oppgåve for den nye organisasjonen som MÅ byggjast i 2020.

Det er budsjettet med 5 mill kr frå Havbruksfondet i 2020 og i 2022. Eigedomsskatten er det ikkje rekna full kompensasjon for. Det kan sjå ut til at vi likevel kan oppnå det. Samstundes har vi ein situasjon at Equinor har klaga på eigedomsskatten. Alt dette skaper ein usikker situasjonen. Det vert derfor ikkje justert noko for eigedomsskatten i denne omgang. Rådmannen let likevel desse rammene stå ved denne rulleringa av økonomiplanen i perioden. Det er samstundes ein usikker situasjon med rentenivået, som kan gi høgare utgifter. Det er lagt inn at drifta skal gå med tilsaman 19 million i overskot i perioden. Det bør vere ei målsetjing, men utfallet av 2019 kan gi ein peikepinn på om vi klarar det.

Investeringar.

I løpet av 2018 reduserte kommunestyret investeringane som vart gjort i budsjettvedtaket desember 2017. Dette vart gjort av kommunestyret då dei vart klar over underskotet og at kommunen stemna mot ROBEK-lista. Seinare påla fylkesmannen kommunen å redusere investeringane ved at nye prosjekt ikkje ville bli godkjent, men pågåande prosjekt kunne forlengast.

Fylkesmannen seier i sitt skriv:

Kommunen kan ikkje rekne med å få godkjent nye låneopptak så lenge kommunen framleis har oppsamla meirforbruk. Unytta lånemidlar skal ikkje bli brukte til å finansiera investeringar utover det som Fylkesmannen har godkjent og eventuelt kjem til å godkjenna.

På bakgrunn av dette påbodet vart fleire investeringsprosjekt utsett i økonomiplanen. Dersom Austrheim klarer å betale ned det akkumulerte underskotet i 2019, vil kommunen igjen fritt kunne råde over investeringsmidlane. Dersom ein ikkje klarer å betale det ned, er det fylkesmannen som har det siste ordet i slike saker. Uansett vil Austrheim stå på Robek-lista i heile 2019. Eventuelle investeringsbehov må derfor drøftast og godkjennast av fylkesmannen før vi eventuelt kan leggje dei inn i eit budsjett for 2020.

VVA

For Austrheim er det viktig å satse på å forbetre vassforsyninga. Dette kan gjerast innanfor ei ramme på opp mot 30 million kr i følgje hovudplan for VVA. Dette er stipulerte kostnader som og kan bli høgare – eller lågare. Kostnader til VVA skal vere sjølvfinansierande. Det betyr at renter og avdrag på dei investeringane kan bereknast inn i avgiftene. Det er starta eit arbeid i administrasjonen med berekning av effekt av ulike tiltak i vassforsyninga. Ein vil berekna om til dømes installasjon av trykkforsterkande pumper kan hjelpa litt på vassforsyninga over til vasstårnet. Formannskapet vil bli

halde orientert om dette. Rådmannen meiner at kommunestyret bør prioritere ei slik utbygging framover. Det har over lenger tid vore frustrasjon blant innbyggerane over manglande kapasitet i vassforsyninga. I dag er det berre ein sjøledning som fører vatn frå fastlandet til øyane. Denne er omlag 40 år gamal. Ved eventuelt brot, kan det gi store problem med vassforsyninga. Det endelege prosjektet går ut på å leggja ein leidning til, frå Vardetangen til Mastrevik og vasstårnet. Dette vil gi ei sikrere og dobbel vassforsyning. Det gjev auka kapasitet og er ei trygging av overføringa. Slike investeringar må ein søkje fylkesmannen om løyve til å gjennomføre. I tillegg har administrasjonen hatt møte med innbyggerar i Førland-området. Dei har sjølv bede om møtet. Dei ynskjer sterkt ei utbygging av vatn. Det vil bli utarbeidd skisser for ei slik utbygging. Desse vil politisk nivå bli orientert om og må ta stilling til.

I økonomiplanen er midlar til VVA sett opp slik:

Budsjettår	Kostnad
2020	7 mill
2021	10 mill
2022	10 mill 27 mill

Dette er kostnader som skal vere sjølvfinansierande med avgifter. Det vil bli lagt fram meir klare tal på prosjektet når det er meir berekna enn i denne omgang. Tanken er først å forsterka overføringa med ein ekstra leidning. Deretter å byggje ut til Førland og nytt vanntårn.

Fagfornyninga i skulane

Frå rektorane er det kome innspel om midlar for å støtta fagfornyninga. Dette startar i 2020. I fagfornyninga vert dei grunnleggjande ferdighetene vektlagt. Dette er

- Digitale ferdigheiter
- Munnlege ferdigheiter
- Å lesa
- Å skrive
- Å rekne

Rektorane skriv at skulane våre er lite utbygd med datamaskiner spesielt på småskuletrinnet (1.-4. klasse). Dei ber om at det vert sett av 500 000 til kjøp av datamaskiner kvart år i perioden. Rådmannen ser dette som viktig. Det framtidige samfunnet som elevane skal ut i, krev høg kompetanse på det digitale området. Summen vert derfor lagt inn i investeringsbudsjettet.

Fylkesmannen seier i sitt skriv:

Investering, lånegjeld og kapitalutgifter

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld per 31.12.2017 for kommunane samla i Hordaland, utanom Bergen, til kr 87.055,- per innbyggjar. I dette talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det til-svarande talet for kommunen er kr 92.451,-.

Kommunane samla i Hordaland utanom Bergen har eit gjelds nivå som ligg noko høgare enn landsgjennomsnittet. Landsgjennomsnittet (utanom Oslo) si langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2017 var kr 78.511,- per innbyggjar. Pensjonsforplikting er ikkje medrekna.

Kommunen si brutto lånegjeld ved utgangen av 2018 er kr 287,2 mill., eller kr 99.000,- per innbyggjar.

Kommunen har høg lånegjeld. Det gjer kommunen økonomisk sårbar, blant anna for ein svikt i inntektene. Vi må også rekna med eit høgare rentenivå over tid.

Den tid Austrheim kommune låg på +115 % av landsgjennomsnittet for skatteinntekter, argumenterte ein med at dette høge nivået gjorde at kommunen kunne forsvare ei høg lånegjeld. I dag ligg Austrheim på 98-99% av landsgjennomsnittet. Dette faktum skulle tilseie at uansett om kommunen kjem ut av Robek-lista eller ikkje, bør ein stramme inn låneiveren. Fylkesmannen skriv om at lånegjelda er høg i Austrheim. I tillegg sender Norges Bank signal om at renta er på veg opp igjen. Austrheim har bunde renta på store delar av låna. Denne bindinga går ut i løpet av 2020. Det kan derfor reknast med auka rentebelastning i 2020. Administrasjonen har starta drøfting med Kommunalbanken om renta på låna fram mot møtet i formannskapet og kommunestyret.

I tillegg kan ikkje ein liten kommune som Austrheim, som frivillig stod utanfor ei kommunesamanslåing, rekne med store påplussingar i dei statlege overføringane. Departementet har lagt fram ei utgreiing frå Telemarksforskning om små kommunar. Rapporten omtalar at i framtida vil dei små generalistkommunane ha stort behov for interkommunalt samarbeid. I Nordhordland med den store kommunen Alver og dei små kommunane utanfor, vil det vere ei utfordring å få til. Truleg vil fleire tenester gå over til kjøp av tenester frå Alver. Dette kan bli dyrare, det kan bli ein situasjon der Austrheim vil få mindre innverknad på utforming av tenestene enn i dag.

Ei stor utfordring som ein liten generalistkommune vil få, er å rekruttere personell til kompetanse-arbeidsplassar. Dette kan tilslutt bli ei økonomisk utfordring med høge lønnsstilbud og eventuelle kjøp av fleire tenester frå større kompetansemiljø.

I St. m. nr 2, revidert nasjonalbudsjett, peikar Finansdepartementet på to moment som dei meiner har vore positive for kommunane. For Austrheim sin del har det ikkje fungert positivt. Dei peikar på den store auken i frie inntekter, her har Austrheim i nokre av dei siste åra, hatt lågare vekst enn den gjennomsnittlege utviklinga for kommunane. Dei peikar og på auken i sysselsetjinga og dermed auken i skatteinntektene. I Austrheim stig no arbeidsløysa igjen. Dette kan i neste omgang få innverknad på kommunen sine skatteinntekter.

Administrativ organisering.

Å sjå inn i glaskula, er ein eigen kunst der ein ikkje alltid skal vere skråsikker. Likevel må ein sei at fleire punkt i det som er skrive ovanfor peikar på at økonomien i Austrheim må styrast med fast hand framover. Nedbemanning som er gjort i 2018 og 2019, vil få heilårsverknad i 2020. Rapporten som Bedre organisasjon la fram, sa at det strategiske nivået i Austrheim hadde lidd gjennom dei siste åra. Rådmannsnivået var så bunde opp med driftsoppgåver at det gjekk utover kapasiteten til å arbeide strategisk. Dette må det takast omsyn til i den administrative organiseringa. Det bør bemannast opp i det strategiske nivået rundt rådmannen. I same møte som kommunestyret skal handsame denne økonomiplanen, skal rådmannen og orientere om den administrative organiseringa. I den

orienteringa vil det bli gjort greie for endringar på fleire nivå i organisasjonen.

Rapporten seier og at ein av grunnane til det høge driftsnivået i enkelte avdelingar, er for liten kapasitet i rådmannsleddet til å arbeide analytisk inn mot pengestraumane i organisasjonen. Godt grunnjevne ynskje om meir midlar frå avdelingar, har for lett ført til større rammer frå rådmannsnivået. Ved å auke bemanninga og kapasiteten i rådmannsnivået, vil dette nivået meir kunne gå inn i slike saker, analysere og vurdere kravet om meir midlar.

Konklusjon

Det vert lagt opp til at det driftsnivået kommunen kjem ned på i 2019, skal ytterlegare utover i perioden. Det betyr at eventuelle endringar den administrative organiseringa krev, må innarbeidast innanfor ramma. Det kan bli krevjande. Det er lagt opp ei styrking av driftsfond med opp til 19 million kr. Dette er og uvisst, men bør liggja som målsetjing. Når det gjeld investeringar, er det viktig å fokusere på å byggja ut vatn til fleire og forsterka dagens 40 år gamle overføringsleidning.

Rådmannen tilrår at kommunestyret vedtar den framlagte økonomiplanen slik han ligg føre. Det vert vektlagt at på grunn av Austrheim sin økonomiske situasjon, må særleg investeringane avklarast med fylkesmannen før dei eventuelt kan realiserast.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
049/19	Formannskapet	PS	06.06.2019
035/19	Kommunestyret	PS	20.06.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-212	19/378

Rekneskap 2018 - godkjenning

Vedlegg

2019 05 22 Særutskrift - Austrheim kontrollutval
Austrheim kommune - årsrekneskap 2018
Revisjonsmelding årsrekneskapen Austrheim 2018
Revisjonsrapport årsrekneskapen Austrheim 2018

Framlegg til vedtak:

Årsrekneskap for 2018 vert godkjent slik det ligg føre. Årsresultatet i driftsrekneskapet er 1 008 637 kr. i overskot. Dette overskotet går med til å betale ned på det akkumulerte underskotet. Årsresultatet i investeringsrekneskapet er 0 kr.
Note nr. 10: Låneopptak i 2018, bruk av lån og ubenyttede lånemidlar med 15 896 174 kr., vert godkjent slik han ligg føre og midlane vert overført til bruk i 2019.

Formannskapet - 049/19 - 06.06.2019

FS - behandling:

Økonomisjef Olav B. Andersen viste til Olav Mongstad si orientering om årsmeldinga, og la til:
- Når det gjeld disputten med Helfo om refusjonar så er denne rekninga betalt og rekneskapsført no i 2019.
- I 2020 vil ein kanskje senda årsoppgjeret seinare, for å få meir tid til å jobba med dette.
Ordførar Per Lerøy peika på at erstatninga i samband med Blindheim-saka er rekneskapsført i 2018, med 900.000 kroner, noko som forverra resultatet tilsvarande.
Handsaming i formannskapet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Årsrekneskap for 2018 vert godkjent slik det ligg føre. Årsresultatet i driftsrekneskapet er 1 008 637

kr. i overskot. Dette overskotet går med til å betale ned på det akkumulerte underskotet.

Årsresultatet i investeringsrekneskapet er 0 kr.

Note nr. 10: Låneopptak i 2018, bruk av lån og ubenyttede lånemidler med 15 896 174 kr, vert godkjent slik han ligg føre og midlane vert overført til bruk i 2019.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Rekneskapet for 2018 er lagt fram med eit overskot på 1 006 636,74 kr. Utviklinga sidan 2014 viser:

År	2014	2015	2016	2017	2018
Resultat	5182	8248	4457	-2182	1009

Ei slik utvikling tilseier at det vert tatt grep for å få betre styring på økonomien. Det vart gjort utover hausten 2018. Dette førte til ein større reduksjon i rammer i budsjettet 2019. Målet er å ta ned driftsnivået slik at kommunen igjen kan kome på offensiven økonomisk.

I årsmeldinga side 11 er det sett inn tabell med økonomisk oversyn. Når det gjeld driftsinntekter viser rekneskapet dette:

Økonomisk oversikt – drift	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Avvik
	2 014	2 015	2 016	2 017	2 018	2017-18
DRIFTSINNTEKTER						
Brukerbetalinger	13 036	13 175	13 148	13 002	12 917	-0,7
Andre sals- og leieinntekter	14 607	16 345	16 095	17 666	15 608	-11,6
Overføringer med krav til motytelse	37 238	36 479	35 678	39 931	41 499	3,9
Rammetilskudd	70 529	73 373	79 722	85 359	91 166	6,8
Andre statlige overføringer	6 480	8 200	13 550	14 107	18 407	30,5
Andre overføringer	100	100	0	0	65	
Skatt på inntekt og formue	84 590	82 871	88 559	85 690	87 553	2,2
Eiendomsskatt	12 608	12 585	12 585	13 867	14 220	2,5
Sum driftsinntekter	239 188	243 128	259 337	269 622	281 435	4,4

Under andre sals- og leieinntekter kjem mellom anna tilknytingsavgift. Det var ein reduksjon på ca 0,85 mill kr i 2018 i forhold til 2017. Den store auken i statlege overføringer, gjaldt havbruksfondet med ca 5,4 mill kr. Ser vi på skatt på personalinntekt og eigedom, viser det ein auke på 2,2 og 2,5 prosent.

Oversikten på driftsutgifter viser:

DRIFTSUTGIFTER						
Lønnsutgifter	145 416	149 254	150 130	156 665	162 499	3,7
Sosiale utgifter	38 994	40 278	40 159	41 418	42 609	2,9
Lønn og sosiale kostnader	184 410	189 532	190 289	198 083	205 108	3,5
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	27 504	28 466	29 395	35 027	31 841	9,1
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	11 635	11 353	11 956	14 092	19 768	40,3
Overføringer	15 637	12 970	13 786	15 269	16 495	8,0
Avskrivninger	12 084	11 992	13 814	14 256	14 750	3,5

Fordelte utgifter	-		-124	-12		
Sum driftsutgifter	251 270	254 313	259 116	276 715	287 962	4,1

I tabellen er tala for utgifter retta opp frå minustal til pluss tal. Lønn og sosiale utgifter har stege med 3,7 og 2,9 prosent medan altså skatteinntektene har auka med 2,2 og 2,5 prosent. Dette er viktig å sjå i samanheng med at skatt har stige med berre 2,2 prosent. Det understrekar igjen kor viktig det er å halde tritt med personalutgiftene framover.

Vurdering

Økonomi

I revisjonsberetninga frå Nordhordland Revisjon, tek revisjonssjefen atterhald om utbytet på 3,5 mill kr frå Austrheim Næringsselskap. Selskapet vil og truleg ha utbyte i 2019 og. Dette har rådmannen informert om at vil bli lagt inn i driftsrekneskapet tidlegare, slik at det vert oppfatta til å vere semje mellom politisk og administrativt nivå om slik føring. Gjennom fleire år har kommunestyret tilført kapital til Austrheim Næringsselskap. Desse overføringane har blitt gjort på kommunen sitt driftsrekneskapet. Når selskapet er kome så langt at det kan betalast ut utbytte, er det naturleg at det og skjer over driftsrekneskapet. Utbytet frå BKK er meir regelmessig. Det naturlege vil vere å handsama desse utbyta på same måten i rekneskapet. Austrheim kommune har etterkvart og mottatt overskot frå Havbruksfondet. Dette er utbyte som varierer sterkt frå år til år. Havbruksfondet er eit fond vi ikkje har aksjar i, men får utbyte etter storleiken på anlegg i kommunen.

22. mai var rekneskap oppe til handsaming i kontrollutvalet. I sitt vedtak peika dei på tre moment:

- Bokføring av utbytte frå Austrheim Næringsselskap AS
- Uavklart krav frå Helfo
- Sikre riktig handtering for bokføring av investeringar / drift

Kontrollutvalet har ikkje merknader utover å peika på mellom anna desse momenta frå revisjonsrapporten.

KU sitt vedtak ligg som vedlegg i saka.

Konklusjon

Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenne rekneskap for 2018 slik det ligg føre. Overskotet på 1 008 637 kr., vil gå med på å betale ned delar av det akkumulerte underskotet. I rekneskapet for 2017 er dette sett til - 5 972 872 kr. Medrekna årets overskot vil underskotet bli 4 964 235 kr. Fylkesmannen har i sitt brev gjort det klart at dersom Austrheim kommune i 2018 og 2019 går med samla ca. 3,8 mill i overskot, vil kommunen ikkje bli innrapport til departementet, men framleis stå på Fylkesmannen si Robek-liste og må ha godkjenning på alle økonomiske saker og vedtak. I 2019 må rekneskapet minst gå med 2,8 mill kr i overskot for å verte i denne situasjonen. Uansett har kommunestyret gjort vedtak om at i løpet av 2019 skal alt underskotet vere nedbetalt. Det er siktemålet for rådmannen også.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
036/19	Kommunestyret	PS	20.06.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-000	18/653

Den administrative organiseringa 2019

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek orienteringa til vitande. I rådmannen sitt vidare arbeid med saka bør formannskapet haldast orientert.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Etter § 3-6 i delegeringsreglementet for Austrheim, har rådmannen mynde til å avgjere den administrative organiseringa innanfor avdelingane/tenesteeiningane sine nettorammer.

I etterkant av arbeidet Bedre organisasjon har gjort, vart det sett i verk tre prosjekt. Eit gjekk på spesialundervisning, eit på eigedomsforvaltning og det tredje på den administrative organiseringa. Denne siste vart sett ut til Bedre organisasjon. Liv Løvvik og Olav Mongstad har deltatt i arbeidet saman med Ole Georg Hoaas som prosjektleiar. Det er no utarbeidd ein overordna skisse som tar stilling til nivåa i modellen.

Vurdering

Ole Georg Hoaas vil i møtet orientere om modellen.

I det vidare arbeidet med modellen bør formannskapet vere det politiske organ som får orientering og deltar i drøftingane om utforminga vidare.

Konklusjon

Kommunestyret tek orienteringa til vitande. I den vidare utforminga bør formannskapet vere det politiske organ som deltar. Det blir tilslutt dei som skal handsame saka i administrasjonsutvalet.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
051/19	Formannskapet	PS	06.06.2019
037/19	Kommunestyret	PS	20.06.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-150	19/390

Budsjettjustering etter tertial I - 2019

Vedlegg

Budsjettjustering 1 - 2019

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret gjer fylgjande justering etter tertialrapportering I-2019.

Budsjettjustering 1 - 2019						
Ansv.	Konto	Kontotekst:	Økning utg.	Red. utgift	Økning innt.	Red. innt.
		Drift:				
1 900	10 501	Økning lønn lærlinger	120 000			
8 100	14 900	Ovf til lønn lærlinger		120 000		
		Totalt drift	120 000	120 000		

Formannskapet - 051/19 - 06.06.2019

FS - behandling:

Andersen orienterte om den justeringa som er gjort for å plassera pengar til auke for lærlingar, 120.000 kroner som vert henta frå kommunestyret sin pott.

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Kommunestyret gjer fylgjande justering etter tertialrapportering I-2019.

Budsjettjustering 1 - 2019						
Ansv.	Konto	Kontotekst:	Økning utg.	Red. utgift	Økning innt.	Red. innt.

		Drift:				
1 900	10 501	Økning lønn lærlinger	120 000			
8 100	14 900	Ovf til lønn lærlinger		120 000		
		Totalt drift	120 000	120 000		

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Det vert vist til formannskapet si tilråding om overføring av midlar til finansiering av lærlingar. Denne budsjettjusteringa må kommunestyret gjere vedtak om.

Vurdering

Det vert føreslått fylgjande budsjettjustering

Budsjettjustering 1 - 2019						
Ansv.	Konto	Kontotekst:	Økning utg.	Red. utgift	Økning innt.	Red. innt.
		Drift:				
1 900	10 501	Økning lønn lærlinger	120 000			
8 100	14 900	Ovf til lønn lærlinger		120 000		
		Totalt drift	120 000	120 000		

Finansiering av auka lønn for lærlingar vert gjort ved å overføre 120 000 frå kommunestyret sin konto for ekstraløyvingar til rådmannen sitt ansvarsområde der lønn til lærlingar vert ført.

Økonomi

Justeringa vert gjort utan endring i rammene.

Konklusjon

Rådmannen tilrår kommunestyret å gjere denne endringa for å fylgje opp vedtaket om inntak av fleire lærlingar.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
050/19	Formannskapet	PS	06.06.2019
038/19	Kommunestyret	PS	20.06.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-150	19/389

Tertialrapport I 2019

Vedlegg

Tertialrapport-1-30-4-2019

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar tertialrapport I 2019 til vitande.

Formannskapet - 050/19 - 06.06.2019

FS - behandling:

Økonomisjef Olav B. Andersen sa at ein ligg betre an økonomisk enn i 2018, og er 3,4 millionar betre enn budsjett på inntekter samla sett.

Lønsutgiftene skal ein redusera i løpet av året, her har ein gått fleire rundar med avdelingsleiarane. Reduksjonar og ein del vakante stillingar gjev utslag, men kutta vil først gje full effekt frå august 2019.

Helfo-rekninga ligg som eit negativt avvik i 2019, der ein per 1. tertial har eit negativt avvik på 738.000 kroner. Utan Helfo ville ein ha vore i pluss. Økonomisjef Andersen la også fram oppdaterte tal per mai, som ikkje var med i saksutgreiinga.

Rådmann Liv Løvvik sa at ein må passa på slik at ein har lagt inn dei kostnader som ein veit kjem, slik at dette ikkje kjem overraskande..

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Kommunestyret tar tertialrapport I 2019 til vitande.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Ein tertialrapport skal etter økonomireglementet vise den økonomiske situasjonen, vise avvik som har oppstått i driftsåret og gjere greie for tiltak som må gjennomførast for å oppnå balanse mellom budsjett og rekneskap, samt konsekvensar for slike tiltak.

Vurdering

Økonomi

I rapporten har rådmannen gjeve status på den økonomiske stoda pr første tertial, pr.30.04. Rapporten gir greie for utvikling på dei ulike ansvarsområda. I forhold til budsjett er rammetilskot, skatteinntekter og eigedomsskatt over budsjett, det same gjeld andre inntekter. På utgiftssida ligg personalutgifter over budsjett. Med dei grepa som no er tatt, bør dette vise igjen ved seinare rapporteringar.

Rapporten har denne tabellen.

PR. 30.04.2019						
Inntekter	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	REGNSKAP	AVVIK	ÅRSBUDSJ
	ÅR 2019	ÅR 2019	VIRK-BUD	ÅR 2018	VIRK-2018	ÅR 2019
(I hele tusen kr.)	PR.30.04	PR.30.04		PR.30.04	VIRK-2019	OB
Rammetilskudd	37 189	36 608	581	35 694	1 495	91 520
Skatteinntekter	27 609	26 714	895	25 963	1 646	89 477
Eiendomsskatt	7 235	6 775	460	7 110	125	13 550
Andre Inntekter	25 605	24 168	1 437	25 652	-47	81 957
Sum Inntekter	97 638	94 265	3 373	94 419	3 219	276 504
Utgifter	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	REGNSKAP	AVVIK	ÅRSBUDSJ
	ÅR 2019	ÅR 2019	VIRK-BUD	ÅR 2018	VIRK-2018	ÅR 2019
(I hele tusen kr.)	PR.30.04	PR.30.04		PR.30.04	VIRK-2019	OB
Personalutgifter	65 654	63 720	-1 934	69 668	4 014	180 949
Andre utgifter	30 876	28 699	-2 177	30 158	-718	89 495
Sum utgifter	96 530	92 419	-4 111	99 826	3 296	270 444
Resultat	1 108	1 846	-738	-5 407	6 515	6 060

Stoda pr. ansvarsområde ser slik ut:

	AVDELINGSREGNSKAP PR.30.04.2019	VIRK	BUD	AVVIK	VIRK	AVVIK	OB
		2019	2019		2018		2019
1 000	RÅDMANN	6596	5841	-755	5706	-890	17088
1 100	POLITISK STYRING OG KONTROLLORGAN	967	1142	174	1079	112	3379
1 900	INTERNE SERVICEEININGAR TIL FORDELING	1414	1324	-90	1491	77	3819
2 000	ADMINISTRASJON UNDERVISNING	578	706	128	1137	559	1987
2 010	PPT	672	665	-7	682	10	1877
2 020	BARNEVERN	2493	2715	222	2219	-274	8000
2 100	ÅRÅS SKULE	7547	8093	546	7962	415	22960
2 110	KALAND SKULE	5098	4728	-370	5029	-69	13268

2 200	AUSTRHEIM KYSTBARNEHAGE	4781	4708	-73	5295	514	13341
2 210	KALAND BARNEHAGE	2676	3152	476	3803	1127	8875
3 000	ADMINISTRASJON HELSE OG SOSIAL	346	401	55	451	105	1151
3 100	HELSETJENESTER	5099	4203	-896	4875	-224	11918
3 200	SOSIALE TJENESTER	2700	3036	336	3451	751	9005
3 300	NORDLIHEIMEN	8110	7584	-526	8104	-6	22764
3 310	NORDLIHEIMEN KJØKKEN	1142	1230	88	1266	124	3674
3 320	HEIMETJENESTER I	3747	3656	-91	3713	-34	10826
3 330	HEIMETJENESTER II	5940	5200	-741	5750	-190	8340
3 340	ARBEIDS- OG OPPLÆRINGSSENTER	357	414	56	415	58	1184
4 000	BIBLIOTEK	644	575	-68	590	-54	1633
4 100	AUSTRHEIM KULTURSKULE	670	668	-2	711	41	1875
4 200	UNGDOMSKLUBB-TILTAK BARN OG UNGE	475	343	-131	488	13	980
4 300	ANNA KULTUR	207	334	127	145	-62	980
5 000	PLAN, BYGG, OPPMÅLING OG MILJØ	1081	1078	-3	1457	376	3034
5 100	LANDBRUK-VETERINÆR	110	166	56	255	145	500
6 000	ADMINISTRASJON TEKNISK	594	612	19	1433	839	1774
6 100	VATN, AVLØP, RENOVASJON	-3059	-2962	97	-2636	423	-4614
6 200	KOMMUNALE VEGAR,KAIAR,FRILUFTSOMRÅDER	583	540	-43	995	412	1620
6 300	BEREDSKAP MOT BRANN OG ANDRE ULYKKER, FEIING	1477	1059	-418	1092	-385	3392
6 400	EIGEDOMSAVDELING (BYGG,MASKINER OG UTSTYR)	2677	2210	-467	2772	95	6430
6 500	REINHALDSAVDELING	2263	1798	-465	2548	285	5376
	SUM DRIFT	67985	65219	-2766	72278	4293	186436
8 000	TILLEGGSØYVINGAR FORMANNSKAPETS AVGJERSLE	0	50	50	0	0	150
8 100	TILLEGGSØYVINGAR KOMMUNESTYRETS AVGJERSLE	18	67	49	37	19	200
8 200	TILLEGGSØYVINGAR RÅDMANNEN	26	133	108	69	43	400
8 300	TILLEGGSØYVINGAR ORDFØRER	8	17	9	0	-8	50
8 990	OVERORDNA KLP UTGIFTER/INNTEKTER	0	127	127	0	0	381
9 000	SKATT, RAMMETILSKOT, AVDRAG/RENTER, ÅRETS MEIR-/MINDRE FORBRUK	-69139	-67459	1679	-66977	2162	-193677
9 990	SENTRALE POSTAR	-6	0	6	0	6	0
	TOTALT	-1108	-1846	-738	5407	6515	-6060

Denne tabellen er kommentert i vedlegget om tertialrapportering. Det er usikkert rundt særleg tre område. Barnevern, Nav og Legekontoret. Under barnevern vil det kome rekningar frå Bufetat, Nav Fensfjorden ligg etter med krav frå vertskommunen på utgifter som gjeld Austrheim. Under legekontoret er det rekna inn ca 840 000 kr som betalt for eit Helfokrav. Dette er det sendt klage på, klaga skal først vurderast av Helfo før ho eventuelt vert oversendt Helseklage. I skrivande stund veit vi ikkje kva resultat dette kan gi.

Med 1 mill kr. i overskot i 2018, treng ein minst 2,8 mill kr. i overskot i 2019 for å ikkje bli overtatt av departementet som styringsorgan. Vi treng 4,9 mill kr. For å kome ut av Robek-lista. Dette kan bli vanskeleg å nå, men rådmannen har likevel målet om slikt overskot i det vidare budsjettarbeidet.

Investeringar.

Rapporten frå rekneskapsprogrammet for investeringar så langt viser:

Regnskap	Budsjett	Restsum
2 019	2 019	

0999 KAPITAL

D90000 AVDRAG OG RENTEUTGIFTER EKSTERNE LÅN

8700 AVDRAG/RENTER/UTBYTTE OG LÅN (INNLÅN OG UTLÅN)

AVDRAG LÅN	39 887	0	
Sum prosjekt: D90000 AVDRAG OG RENTEUTGIFTER EKSTERNE LÅN	39 887	0	-39 887
K90002 NYE OMSORGSBUSTADER KALAND 2018 (TJ.2650)			
Sum prosjekt: K90002 NYE OMSORGSBUSTADER KALAND 2018 (TJ.2650)	35 000	0	-35 000
K90004 TRAFIKKSIKRING ETTER PLAN (TJ.3320)			
Sum prosjekt: K90004 TRAFIKKSIKRING ETTER PLAN (TJ.3320)	0	500 000	500 000
K90005 IKT- AUSTRHEIM KOMMUNE (TJ.1200)			
Sum prosjekt: K90005 IKT- AUSTRHEIM KOMMUNE (TJ.1200)	109 106	150 000	40 894
K90006 PROSJEKT FELLES IKT I REGION (TJ.1200)			
Sum prosjekt: K90006 PROSJEKT FELLES IKT I REGION (TJ.1200)	0	400 000	400 000
K90007 SCANNING EIGEDOMSARKIV/IKTNH 2018 (TJ.1200)			
Sum prosjekt: K90007 SCANNING EIGEDOMSARKIV/IKTNH 2018 (TJ.1200)	239 157	0	-239 157
K90009 BYGGUTBETRING			
Sum prosjekt: K90009 BYGGUTBETRING	277 549	500 000	222 451
K90011 IKT - SKULAR (TJ.2020)			
Sum prosjekt: K90011 IKT - SKULAR (TJ.2020)	46 193	150 000	103 807
K90016 OPPGRADERING ÅRÅS SKULE (TJ.2220)			
Sum prosjekt: K90016 OPPGRADERING ÅRÅS SKULE (TJ.2220)	30 070	500 000	469 930
K90017 NORDLIHEIMEN TRYGGHETSALARM (TJ.2340)			
Sum prosjekt: K90017 NORDLIHEIMEN TRYGGHETSALARM (TJ.2340)	0	500 000	500 000
K90018 KJØP 2 E-BILER/1 FIRHJULSTREKK 2018 (TJ.2540)			
Sum prosjekt: K90018 KJØP 2 E-BILER/1 FIRHJULSTREKK 2018 (TJ.2540)	203 178	0	-203 178
K90023 KARTLEGGING (TJ.3030)			
Sum prosjekt: K90023 KARTLEGGING (TJ.3030)	0	100 000	100 000
K90026 ASFALT (TJ.3320)			
Sum prosjekt: K90026 ASFALT (TJ.3320)	0	500 000	500 000

K90027 BRANNSTASJON (TJ.3390)			
Sum prosjekt: K90027 BRANNSTASJON (TJ.3390)	0	1 000 000	1 000 000
K90028 VVA (TJ.3450)			
Sum prosjekt: K90028 VVA (TJ.3450)	123 601	3 000 000	2 876 399
K90031 INVESTERINGSTILSKOT AUSTRHEIM KYRKJE (TJ.3900)			
Sum prosjekt: K90031 INVESTERINGSTILSKOT AUSTRHEIM KYRKJE (TJ.3900)	0	700 000	700 000
K90032 SAL AV FAST EIENDOMMER			
Sum prosjekt: K90032 SAL AV FAST EIENDOMMER	-5 281 950	-2 500 000	2 781 950
K90036 VEGLYS MASTREVIK - TOFTEGÅRD (TJ.3320)			
Sum teneste: 3300 SAMFERDSELSBEDRIFTER/TRANSPORTTILTAK/KAIER	668 063	0	-668 063
3320 KOMMUNALE VEGAR			
Sum teneste: 3320 KOMMUNALE VEGAR	699 488	0	-699 488
8410 KOMPENSASJON FOR MEIRVERDIAVGIFT I INVESTERINGSREKNESKAPEN			
Sum teneste: 8410 KOMPENSASJON FOR MEIRVERDIAVGIFT I INVESTERINGSREKNESKAPEN	-273 510	0	273 510
8800 INTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR			
Sum teneste: 8800 INTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR	0	-300 000	-300 000
2340 AKTIVISERING OG SERVICETENESTER TIL ELDRE OG PERSONAR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE			
Sum teneste: 2340 AKTIVISERING OG SERVICETENESTER TIL ELDRE OG PERSONAR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE	0	1 000 000	1 000 000
3010 PLANSAKSBEHANDLING			
Sum prosjekt: K90036 VEGLYS MASTREVIK - TOFTEGÅRD (TJ.3320)	1 094 040	1 700 000	605 960
K99998 ORDINÆRT LÅNEOPPTAK I ÅRET			
Sum prosjekt: K99998 ORDINÆRT LÅNEOPPTAK I ÅRET	0	-7 200 000	-7 200 000
K99999 AVDRAG LÅN			
8700 AVDRAG/RENTER/UTBYTTE OG LÅN (INNLÅN OG UTLÅN)			
Sum prosjekt: K99999 AVDRAG LÅN	-57 826	0	57 826
			0
Sum ansvar: 0999 KAPITAL	-3 141 995	0	3 141 995

TOTALT

-3 141 995

0 3 141 995

0

Investeringsbudsjettet viser eit overskot på ca 3,14 mill kr. Så langt. Dette skuldast sal av eigedommar på tett opptil 5,3 mill kr. og ei forsiktig investering i dei prosjekta som er sett i verk. Det er to prosjekt der beløpet var løyvd på 2018-budsjettet. Det er scanning av eigedomsarkiv og kjøp av el-bilar. Det er føreslått å overføre lånemidlar frå 2018 til å dekke dette. Det er to summar på tilsaman 1,5 mill. kr avsett til kjøp av omsorgsteknologi. Dette prosjektet startar i desse dagar med kjøp og installasjon av tryggleiksalarm.

Konklusjon

Rådmannen tilrår kommunestyret å ta tertialrapportering I 2019 til vitande.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
057/19	Formannskapet	PS	06.06.2019
039/19	Kommunestyret	PS	20.06.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-231	18/856

Betaling for tryggleiksalarm 2. halvår 2019

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre aukar satsane for tryggleiksalarm med 60 kr pr mnd rekna frå 01.08.2019.

Dei nye satsane blir:

Kr 266 pr mnd for inntekt inntil 2G

Kr. 428 pr. mnd for inntekt over 2G

Grunngjevinga for auken er overgang til ny teknologi.

Formannskapet - 057/19 - 06.06.2019

FS - behandling:

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre aukar satsane for tryggleiksalarm med 60 kr pr mnd rekna frå 01.08.2019.

Dei nye satsane blir:

Kr 266 pr mnd for inntekt inntil 2G

Kr. 428 pr. mnd for inntekt over 2G

Grunngjevinga for auken er overgang til ny teknologi.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

I K-sak 103/18, 13.12.2018, gjorde kommunestyret følgende vedtak:

KS - vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke betalingsraten for tryggleiksalarm med 4 % for 2019. Prisen vert då kr. 368,- pr. mnd. for dei som tener over 2 G. For dei som tener mindre enn 2 G vert prisen sett til kr. 206,- pr. mnd. Austrheim kommune jobbar med omsorgsteknologi, som vert ei lovbestemt teneste frå 2020. I løpet av 2019 vil kommunen få på plass ein del nye teknologiske hjelpemiddel, og rådmannen må komma tilbake til kva dette vil kosta for brukarane. Dette vert ei større investering for kommunen

Austrheim Kommune har vore med i prosjektet *Saman om velferdsteknologi* i Nordhordlandsprosjektet i lag med først 10 kommunar og no seinare 17 kommunar i Vestlandsprosjektet. Målet med prosjektet har vore ta i bruk ny teknologi til beste for innbyggjarane våre. Prosjektet har gått over nokre år og vi er no i ferd med å avslutte prosjektet . Vi har undervegs sett på kva behov vi har Austrheim og kva utstyr som haster mest i første om gong. Vi har drøfta kva type utstyr vi no skal ta i bruk først, og kva utstyr som vi kan vente med. Vi ser for oss er det som haster mest å få på plass nye tryggleiksalarmar. Vi har i dag ca. 40 tryggleiksalarmar, som går til sentral på Nordliheimen. Denne sentralen er gamal og lar seg ikkje lengre skaffe deler til. Vi går for ny løysing via Atea, som er den leverandøren som er vald til å levera utstyr til prosjektet.

Vurdering

Austrheim kommune har bestilt 50 alarmer som vi skal kjøpe . Alarmene vil gå til smarttelefoner via app til heimesjukaen.

Alarmene kjem på plass i byrjinga av juni. Vi kjem til å kjøpe responscenter-teneste frå DORO, slik at dei besvarer alarmene først. Denne tenesta vil vi kjøpe no i sommar fordi ny teknologi kjem opp i vår sommeravvikling .

Kommunestyret sa i budsjettvedtaket for året 2019 at vi skulle komme tilbake med nye satser når vi tar i bruk ny omsorgsteknologi.

Konklusjon

Vi har i dag 2 priser på å leige tryggleiksalarm hjå Austrheim Kommune,

- Kr. 206 pr. mnd, inntekt opptil 2 G

- Kr. 368 pr.mnd, inntekt over 2G.

Rådmann foreslår at prisane vert tillagt kr. 60 pr alarm pr. mnd for å dekke nokre av våre utgifter med kjøp av ny alarm, simkort i kvar alarm og lisens.

Pris pr. ny alarm er 3000 kr i innkjøp, i tillegg kjem ei rekke tillegg på utstyr som høyrer med .

Dei nye satsane gjeld frå 01.08.2019

Ny sats:

Kr 266 pr mnd for inntekt inntil 2G

Kr. 428 pr. mnd for inntekt over 2G

Satsane vil verta evaluert i forhold til nytt budsjett 2020. I tillegg vil vi sjå på kva det vil koste å ha fleire typer velferdsteknologi, etter kvart som vi tar ny teknologi i bruk.

Det vil vera noko utstyr som skal vera gratis for brukarane, det vil vera utstyr som er gjeven i form av helsehjelp frå kommunen . Som ulike typer sensorer og medikamentstøtte.

Dette vil vi kome tilbake til.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
055/19	Formannskapet	PS	06.06.2019
040/19	Kommunestyret	PS	20.06.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel		19/172

Kloakkavgift 2019

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek ny kloakkavgift frå 01.07.2019. Avgiftene vert auka med 45 % frå 01.01.2019. Gebyr for tilknytning vert ved godkjend søknad.

	Areal	Avgiftsareal	Årsavgift
Bustad/hytte inntil	90 m ²	80 m ²	3.629,-
Bustad/hytte over	90 m ²	130 m ²	5.904,-
Minsteavgift andre bygg	100 m ²		3.884,-
Bygg med målt forbruk		Pr m ³	29.36
Fast avgift målar			1.041,-

Tilknytingsavgift for 2019

Tilknytingsavgifta vert uendra frå 2018.

	Areal	Avgift inkl. mva
Tilknytning bustad/hytte over		26.395,-
Tilknytning andre bygg pr. m ²		159,-

Formannskapet - 055/19 - 06.06.2019

FS - behandling:

Leiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om saka. Det er eit etterslep på finansieringa (sjølvkostrekneskap), og etter fleire år med underdekking har ein i dag 68 prosent dekking av reelle utgifter. Administrasjonen meiner at ein bør leggja seg på ei avgift som dekkar dei faktiske utgiftene. Om ein skulle komma i overskot så har ein fem år på seg til å bruka dette til investeringar, før det eventuelt må refunderast til abonnentane.

Om tvungen påkopling til kommunal kloakk sa Myrmel at dette er noko ein må ta opp, og finna ei grense for kor langt frå nettet ein skal setja grensa for når folk må kopla seg til.

Rådmann Liv Løvvik sa at auken skal dekkja utgifter til utbetringar, som skal sikra miljø og helse.

Konstituert rådmann Olav Mongstad sa at dersom ein gjer større tiltak, så kan ein kanskje måtta gjera fleire justeringar på desse avgiftene.

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek ny kloakkavgift frå 01.07.2019. Avgiftene vert auka med 45 % frå 01.01.2019. Gebyr for tilknytning vert ved godkjend søknad.

	Areal	Avgiftsareal	Årsavgift
Bustad/hytte inntil	90 m ²	80 m ²	3.629,-
Bustad/hytte over	90 m ²	130 m ²	5.904,-
Minsteavgift andre bygg	100 m ²		3.884,-
Bygg med målt forbruk		Pr m ³	29.36
Fast avgift målar			1.041,-

Tilknytingsavgift for 2019

Tilknytingsavgifta vert uendra frå 2018.

	Areal	Avgift inkl. mva
Tilknytning bustad/hytte over		26.395,-
Tilknytning andre bygg pr. m ²		159,-

Saksopplysninger:

Bakgrunn Kommunen har utfordrende oppgaver på avløp sektoren i åra framover. Etterkalkyle frå rekneskap for 2018 i viser at vi i dag har 68.8% dekning av kostnadene på kloakkavgifta. Ein rår derfor til at ein auka kloakkavgifta frå 01.07.19 med 45% for å dekke inn faktiske kostnader på avløpsnettet.

Note 7	2018 Etterkalkyle selvkost	Avløp
	Gebyrinntekter	2 625 569
	Øvrige driftsinntekter	0
	Driftsinntekter	2 625 569
	Direkte driftsutgifter	3 110 809
	Avskrivningskostnad	430 329
	Kalkulatorisk rente (2,37 %)	234 237
	Indirekte netto driftsutgifter	37 426
	Indirekte avskrivningskostnad	797
	Indirekte kalkulatorisk rente (2,37 %)	104
	Driftskostnader	3 813 702
	Resultat	-1 188 133
	Kostnadsdekning i %	68,8 %

Tilknytingsavgifta vert sett lik tilknytning for vassleidning.
Gebyr for tilknytning vert ved godkjend søknad.

Vurdering

Miljø

Eit godt utbygd avløpsnett er viktig for miljøet.

Konklusjon

Austrheim kommunestyre vedtek ny kloakkavgift frå 01.07.2019. Avgiftene vert auka med 45 % frå 01.01.2019. Gebyr for tilknytning vert ved godkjend søknad.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
041/19	Kommunestyret	PS	20.06.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Helge Dyrkolbotn	FA-A10	19/392

Endring i vedtektene for kommunale barnehagar

Vedlegg

Vedtekter barnehagane i Austrheim per mai 2019

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner framlegget til nye vedtekter for dei kommunale barnehagane.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Det er viktig at Austrheim kommune sine vedtekter for barnehagane er i tråd med gjeldande overordna lover og forskrifter, og i tråd med praksisen barnehagane i Austrheim har.

Vurdering

Med henvisning til gjeldande vedtekter har vi fylgjande vurderingar:

§ 1 Føremål

Nytt pkt 3:

Barnehagane i Austrheim skal aktivt bruke De Utrolige Årene (DUÅ) som pedagogisk og metodisk verkemiddel i det daglege arbeidet.

Bakgrunn:

Når vi aktivt har gått inn for å bruke DUÅ er det riktig å forankre dette i vedtektene. Dette vil vera forpliktande ovanfor dei ansatte og det er eit tydeleg signal ved tilsetting av nye medarbeidarar

§ 3 Opningstider / barnehagerute

Endring i avsnitt 2:

Tekst pr. i dag:

Barna har tilbod om plass i 12 månader, medan det "pedagogiske barnehageåret" går frå medio august til medio juni. Barnehageåret startar medio august.

Ny tekst:

Barna har tilbod om plass i 12 månader. Barnehageåret startar medio august

Bakgrunn:

Denne formuleringa såg svært lite god ut. Det er ingen ting som heiter pedagogisk barnehageår. Born og føresette skal vera sikre på at dei får eit godt pedagogisk tilbod heile barnehageåret

§ 6 Betalingssatsar

Endring i avsnitt 2:

Tekst vert teken ut: *Manglande betaling kan føre til at barnet misser plassen.*

Bakgrunn:

Dette er ikkje noko vi har lov til å gjera, og difor kan det heller ikkje stå i vedtektene. Manglande betaling vert fulgt opp gjennom purringar og evt inkasso.

Framlegga er behandla i samarbeidsutvalet (SU) Austrheim Kystbarnehage og i SU ved Kaland barnehage hausten 2018, og begge organa støttar framlegget til endringar i vedtektene.

Folkehelse

Ingen negative verknader på folkehelsa

Miljø

Ingen konsekvensar

Økonomi

Ingen konsekvensar

Konklusjon

Rådmannen ser behov for å oppdatere Vedtekter for barnehagane i Austrheim slik at dei er i tråd med lover og forskrifter og med pedagogisk praksis.

Rådmannen tilrår med bakgrunn i saksframstillinga at Austrheim kommunestyre godkjenner framlegget til nye vedtekter for dei kommunale barnehagane.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
056/19	Formannskapet	PS	06.06.2019
042/19	Kommunestyret	PS	20.06.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-256	19/418

Søknad om kommunal garanti for lån til Aufera AS

Vedlegg

Kommunal garanti for lån Aufera AS

Møtebok generalforsamling Aufera 06.05.2019

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre gir ikkje kommunal garanti for Aufera AS i samband med kjøp av seksjon I gnr. 45, bnr 264 med kr 12,5 mill. på det noverande tidspunkt. Austrheim kommunestyre ber Fedje og Radøy ta ansvar for eit eventuelt garantiansvar inntil Austrheim er ute av ROBEEK-lista. Når kommunen igjen er i ein friare økonomisk situasjon, tar kommunestyret stilling til ein eventuell garanti for 37 % av summen.

Formannskapet - 056/19 - 06.06.2019

FS - behandling:

Konstituert rådmann Olav Mongstad orienterte om saka, og sa at Austrheim har eit langt engasjement i Aufera, men i den situasjonen ein har no med Robek og kommande investeringar i kyrkje og vatn, så er det rett å be dei to andre eigarkommunane Radøy og Fedje om å ta garantiansvaret, og heller ta over sin del når Austrheim er ute av Robek.

Siri Kaland (Ap) sa at det er feil signal å senda at ein ikkje er med på laget med garanti. Det vert feil å seia at Austrheim har brukt for mykje pengar og ikkje kan vera med.

Rådmann Liv Løvvik sa at dette må vegast opp mot andre investeringar, om ein tek inn denne garantien må ein kanskje skubba på andre investeringar.

Siri Kaland sa at om ikkje Austrheim gjev denne garantien kan det bety ei styrt avvikling av Aufera. Kaland var kritisk til at vedtaksframlegget var for usikkert med det at Austrheim skal ta stilling til garantien seinare.

Olav Mongstad sa at ein eventuelt kan stramma opp teksten i vedtaket.

Per Lerøy (Ap) sa at han støttar Siri Kaland, Aufera har det trongt i dagens lokale, og om ikkje dette vert ordna no kan selskapet bli slått saman med vekstbedriftene i Lindås/Meland når Radøy går inn i

Alver. Det kan bety at ein misser alt tilbod i nord og at alt går til Knarvik/Frekhaug. Dette er den sjansen ein har for å sikra drift på Manger.

Siri Kaland sa at styret for Aufera har jobba lenge med nye lokale, der ein har sett på leige, ledige lokale og tomt for nybygg. Dette er det beste ein har funne.

Olav Mongstad sa at dette med garantiansvaret ikkje er eit spørsmål om ei eventuell nedlegging av Aufera. Også ved ei samanslåing av Gløde og Aufera er Austrheim med som eigar av begge selskapet. Det er elles ei utfordring at den som har transporten til Aufera på Manger i dag går av med pensjon, og dersom det vert Knarvik er det lettare å ta rutebussen. Mot ei sentralisering tel det at NAV ville ha dette tilbodet ute i distriktet i utgangspunktet. Mongstad spurte formannskapet om ein burde utsetja saka og la rådmann og ordførar sjå nærare på dette.

Per Lerøy sa at Ap hadde eit anna framlegg til vedtak men at ein går for utsetting.

Det vart laga eit fellesframlegg på dette.

Handsaming i formannskapet:

Sams for: Denne saka vert utsett, og teke opp med dei to andre kommunane. Ordførar Per Lerøy får fullmakt til diskutera saka med Austrheim og Fedje, og legga saka fram direkte i kommunestyret 20. juni. Økonomisjef Olav Andersen får i oppgåve å sjekka ut med Fylkesmannen, at ein kan gje denne lånegarantien.

FS - vedtak:

Denne saka vert utsett, og teke opp med dei to andre kommunane. Ordførar Per Lerøy får fullmakt til diskutera saka med Austrheim og Fedje, og legga saka fram direkte i kommunestyret 20. juni.

Økonomisjef Olav Andersen får i oppgåve å sjekka ut med Fylkesmannen, at ein kan gje denne lånegarantien.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Det ligg føre ny søknad om kommunal garanti for lån frå Aufera AS. Dette er eit fullt ut kommunalt eigd aksjeselskap, med Austrheim, Fedje og Radøy som aksjonærar. Radøy har 47% av aksjekapitalen, Austrheim 37% og Fedje 16%. Selskapet er ei godkjend VTA-verksemd.

Aufera AS søkte også om kommunal garanti i 2018 i samband med mogeleg overtaking av Manger Fiskeindustri sine lokale på Manger kai, men kjøpet vart ikkje realisert.

Søknaden no gjeld overtaking av ein seksjon av gnr 45, bnr 264, der REMA 1000 tidlegare hadde lokale. Grunnflata er om lag 750m², nær det doble av arealet i noverande lokale. Større lokale gjev høve til å auka omsetninga i vaskeriet, verkstaden og kjøkkenet. Det kan også bli høve til å etablere ein «kafékrok» i tilknytning til kjøkkenet. Aufera har stor tru på at nye, større og meir høvelege lokale vil gje grei auke av omsetnaden. Det er lagt fram drifts- og likviditetsbudsjett som syner at dei auka rente- og avdragskostnadene kan forsvarast.

Det må gjerast omfattande ombyggingsarbeid i nye lokale, og det er innhenta tilbod på arbeida, som totalentreprise. Kostnadene til kjøp av seksjonen er 7,9 mill, og kostnadene til ombygging er 4,6 mill, til saman 12,5 mill.

Noverande eigeendom i Mangersnesvegen har fått ein takst på 4 mill. Denne eigedommen skal seljast, og salssummen skal nyttast til nedbetaling av lån. Det er likevel uvisse knytt til faktisk salsverdi, og når eit slik sal let seg realisera.

Aufera AS søker såleis om kommunal garanti for lån kr 12,5 mill, med 30 års nedbetalingstid.

Vurdering

Når Aufera AS likevel søker om kommunal garanti, ser rådmannen dette i samanheng med at både styret og generalforsamlinga har uttrykt klår støtte til å kjøpa den aktuelle seksjonen. Rådmannen vurderer såleis søknaden om garanti først og fremst som ei politisk sak, der ein ønskjer å "sikra" eit VTA-tilbod for noverande Austrheim, Fedje og Radøy.

Rådmannen vil påpeika at ein kommunal garanti utgjer ein risiko, sjølv med pant i eigedommen. Rentekostnaden på eit lån på 12,5 mill er kr 250.000 det første året, og dette går rett på "botnlina". I praksis må omsetninga auka monaleg for å kunna dekkja inn denne meirkostnader. Avdrag vert ikkje kostnadsførte, men representerer ei årleg utbetaling på kr 416.666 med 30 års avdragstid, og dette vil vera ein betydeleg likviditetsbelastning for selskapet. Rådmannen vil peika på styret i Aufera sitt ansvar for at selskapet faktisk er i stand til å greia denne auka belastninga over tid. I samband med tidlegare sak om garanti for 2 mill, er det inngått avtale mellom dei tre eigarane Radøy, Austrheim og Fedje om høvesvis deling av ansvar for mogeleg konstatert tap som følgje av garantien.

I "ytterste konsekvens" kan Austrheim kommune risikera å tapa 37 % av ca 14 mill, dvs om lag 5,2 mill. Rådmannen ser likevel denne risikoen som svært liten. Skal ein først vurdere risiko, er det meir sannsynleg å tenkja ein situasjon der kommunen må dekkja t.d. ein avdragstermin på lånet som garantien er knytt til. Avtalen Radøy har med Austrheim og Fedje tar ikkje opp i seg slike situasjonar, men dekkar berre eit endeleg konstatert tap. Det må difor etablerast ein ny avtale mellom Radøy, Austrheim og Fedje, som også omfattar mogeleg utbetalingar i garantiperioden.

Dersom Radøy kommune får tinglyst pant i seksjonen for all garanti som er stilt, dvs 14,35 mill., blir det så ei vurdering korleis dette skal få innverknad for dei to andre kommunane.

I høve til kommunesamanslåinga, vil Alver i prinsippet overta alle Radøy sine forpliktingar.

Eigarskapsmeldinga for Alver skal opp til handsaming i fellesnemnda, og Aufera er nemnt som ei av verksemdene som må vurderast nærare. Dette skal etter planen gjerast i juni månad. Rådmannen ser likevel ikkje at denne handsaminga er noko hinder for å vurdere om vi skal gi kommunal garanti.

For Austrheim sin del er det å gi kommunal garanti eit større vågestykke når kommunen er på Robek-lista. På førespurnad svarar økonomisjefen til fylkesmannen slik:

Det er ikke forbud mot å gi kommunal garanti selv om kommunen er i ROBEK – registeret. Men den økonomiske risikoen med den kommunale garantien må bli vurdert i sammenheng med Austrheim kommune sin vanskelige økonomiske situasjon. Dette må også Fylkesmannen vurdere ved en eventuell godkjenning hvis kommunen likevel skulle gjøre vedtak om å ta på seg et garantiansvar til tross for kommunen sin vanskelige økonomiske situasjon. Økonomisk risiko knyttet til selve garantien sammenholdt med den økonomiske situasjonen i kommunen må vurderes nærmere med hensyn på om et eventuelt garantivedtak kan bli godkjent av Fylkesmannen.

Rådmannen vektlegg at sidan Austrheim kommune er på Robek-lista, bør det ikkje gis garanti for dette kjøpet. I økonomiplanen som vert lagt fram, er det vist til dei store utfordringane kommunen har med å få på plass eit betre fungerande løysing på vatn. Kommunen må ha ein dialog med fylkesmannen om den løyvinga. Slik situasjonen er, bør ein ikkje auke ei eventuell risiko før kommunen er ute av ROBEK-lista. Ei løysing bør vere at dei to andre eigarkommunane Radøy og Fedje deler på Austrheim sitt garantiansvar medan vi er på ROBEK-lista. Kommunestyret kan så sei at når kommunen er ute av lista, kan kommunestyret ta opp igjen saka om sin del av garantien.

Rådmannen ser heilt klart det ynskjelege i å få nye lokale til AUFERA AS. Det vil gi høve til nye aktivitetar og nye satsingsområde for produksjon. Konklusjonen om å ikkje gi garanti så lenge

Austrheim er på ROBEK-lista er heilt og holdent ei vurdering av økonomisk risiko opp mot behov for å få fylkesmannen si støtte for investering i ei løysing for vassforsyninga.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering, går rådmannen mot for å gje kommunal garanti for Aufera AS i samband med kjøp av seksjon I gnr. 45, bnr 264 med kr 12,5 mill.

Austrheim kommunestyre henstiller til dei to andre eigarkommunane å dele på ansvaret fram til Austrheim er ute av ROBEK-lista. Når kommunen igjen er i ein friare økonomisk situasjon, tar kommunestyret stilling til ein eventuell garanti for 37 % av summen.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
043/19	Kommunestyret	PS	20.06.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-057	14/587

Ny selskapsavtale for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS frå 01.01.2020

Vedlegg

Selskapsavtale pr. 01.01.2020 (2)

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune vedtek selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Austrheim kommune vedtek tilskotsmodell for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Den 30. april 2019 gjorde representantskapet ved Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS vedtak om å fremje forslag om endring i selskapsavtala frå 01.01.2020. I same møte vedtok ein og framlegg til eigarbrøk samt ny tilskotsmodell. Tilskotsmodellen tek utgangspunkt i eit grunnbeløp som er likt for kvar eigarkommune i tillegg til eit fast kronebeløp for kvar innbyggjar ut frå tal frå SSB pr. 1 januar føregåande år. Eigarbrøk utgår frå samla innbetalt tilskot og vert justert kvart 4 år på bakgrunn i endringar samt inn og utmeldingar i selskapet.

Vurdering

Økonomi

Tilskot til selskapet vert i ny tilskotsmodell eit fastbeløp på 91 667 samt 3,15 kr. pr. innbyggjar. Dette fører til at Austrheim kommune frå 2020 skal yte eit eigartilskot på 100 752, Dette vert ei auke på 25 756, i frå 2019. Dette utgjer 34,34 %. Auken skuldast at talet på eigarar går ned og kostnadar skal fordelast på færre eigarar. Austrheim kommune har også fått utført meir arbeide innanfor eigartilskotet enn dei andre eigarkommunane. Austrheim har fått ordna

arkiva sine fram til 1990 talet innanfor eigartilskotet. Arbeidet vart prosjektert til 275 310 kr., og har vore solidarisk finansiert delvis av Austrheim, delvis av tilskot frå dei andre eigarkommunane.

Andre eigarkommunar har ikkje fått utført dette arbeidet. I ei ny selskapsavtale vert ordning av arkiva tilbydd gjennom ei oppdragsavtale der dei lyt betale omgåande for utført arbeide. Austrheim kommune får i staden ei auke i eigartilskotet. Austrheim kommune sin eigardel i selskapet vert endra frå 1,92 % i 2019 til 3,4 % frå 2020. Dette skuldast at eigardelen føl tilskotet og at eigarbrøken skal fordelast på færre eigarar.

Konsekvensar av eit negativ vedtak:

Skal selskapsavtala endrast, er det ein føresetnad at det vert gjort likelydande vedtak i samtlege av eigarane sine kommunestyre. Ny selskapsavtale er ikkje gjeldande før han er godkjend i føretaksregisteret. Om det ikkje vert vedteke ny selskapsavtale innan 1. januar 2020, vil gamal avtale gjelde og gamal tilskotsmodell vert lagt til grunn fram til ny er vedteke.

Konklusjon

Representskapet tilrår Austrheim kommunestyre å gjere fylgjande vedtak:

Austrheim kommune vedtek selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Austrheim kommune vedtek tilskotsmodell for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
044/19	Kommunestyret	PS	20.06.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-014	19/452

Valgløftet - innspel frå KS

Vedlegg

Valløftet 2019 - brev frå KS

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre sluttar seg til KS sitt valgløfte 2019

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Ordførar har sendt over sak frå Kommunesektorens Organisasjon (KS). Utgangspunktet var KS si demokratiundersøking der hovudstyret vedtok «Valgløftet». 9. april vart dette presentert for Kommunalpolitisk Toppmøte (KPT).

KPT slutta seg til oppfordringa om ein anstendig valkamp med sakleg meiningsbryting. Valgløftet 2019 set opp nokre moment for å vere anstendig ved å seie nei til hets, mobbing, trakassering, skjellsord og personangrep.

Vurdering

Med ein sakleg debatt meiner ein at:

- Vi behandlar kvarandre med respekt, også når vi er ueinige.
- Vi alle jobbar aktivt for at alle stemmer kan bli høyrd.
- Vi viser kvarandre gjensidig tillit.
- Vi jobbar for at flest mogleg vil bruka stemmeretten.
- Vi viser born og unge kvifor lokaldemokratiet er verdt å kjempa for.

Vedlegg: Valgløftet 2019.

Konklusjon

På vegne av ordførar vert det innstilt på at Austrheim kommunestyre sluttar seg til KS sitt valgløfte 2019.